

Vedtak 340

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
1320		Statens vegvesen	
	23	Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 9 704 500 000 til kr 9 814 100 000	109 600 000
	26	Vegtilsyn, blir redusert med frå kr 16 000 000 til kr 13 000 000	3 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 29, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 10 531 700 000 til kr 10 597 700 000	66 000 000
	34	(Ny) Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med	78 000 000
1350		Jernbaneverket	
	23	Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30</i> , blir auka med frå kr 6 104 900 000 til kr 6 329 900 000	225 000 000
	30	Investeringar i linja, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 8 653 700 000 til kr 8 396 700 000	257 000 000
	34	(Ny) Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med	44 000 000
1360		Kystverket	
	30	Nyanlegg og større vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 539 260 000 til kr 529 260 000	10 000 000
	34	(Ny) Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med	10 000 000
Inntekter			
4320		Statens vegvesen	
	2	Diverse gebyr, blir auka med frå kr 317 500 000 til kr 400 000 000	82 500 000
	3	Refusjonar frå forsikringsselskap, blir auka med frå kr 32 900 000 til kr 120 000 000	87 100 000
4370		(Ny) Posttenester	
	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med	2 055 000
4380		Post- og teletilsynet	
	1	Diverse gebyr, blir redusert med frå kr 157 100 000 til kr 152 700 000	4 400 000
	51	Frå reguleringsfondet, blir auka med	6 789 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
		frå kr 10 000 000 til kr 16 789 000	
5577		Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med frå kr 773 453 000 til kr 785 998 000	12 545 000

Vedtak 341

Fullmakter til å pådra forpliktingar for staten utover gitte løyvingar

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2014 kan:

- 1. forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving på kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringar, post 31 Skredsikring, post 36 E16 over Filefjell og post 37 E6 Vest for Alta, for investeringsprosjekt som ikkje er omtalte med kostnadsramme overfor Stortinget, likevel slik at samla ramme for gamle og nye forpliktingar ikkje overstig 3 800 mill. kroner.
- 2. forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving på kap. 1350 Jernbaneverket, post 30 Investeringar i linja og post 31 Nytt dobbeltspor Oslo–Ski, for investeringsprosjekt som ikkje er omtalte med kostnadsramme overfor Stortinget, likevel slik at samla ramme for gamle og nye forpliktingar ikkje overstig 950 mill. kroner.

Vedtak 342

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2014 kan tilføye stikkordet «kan overførast» på:

- 1. kap. 1321 Utbyggingsselskap for veg, post 96 Aksjekapital.
- 2. kap. 1380 Post- og teletilsynet, post 71 Tilskott til breibandsutbygging.

Vedtak 343

Overføringar til og frå reguleringsfondet

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2014 kan overføre inntil 17 mill. kroner til eller frå Post- og teletilsynets reguleringsfond.

Vedtak 344

Kostnadsramme

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet får fullmakt til å gjennomføre investeringsprosjektet E39 Hove–Sandved innanfor ei kostnadsramme på 770 mill. kroner.

Vedtak 345

Forlenging av innkrevjingsperiode

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet får fullmakt til å forlengje innkrevjingsperioden for bompengar for heile E18 gjennom Vestfold frå 15 til 20 år.

Vedtak 346

Forlenging av innkrevjingsperiode

- 1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å forlengje innkrevjinga av bompengar med to år til å delfinansiera prosjekt og tiltak på fv. 545 i Stord og Fitjar kommunar. Vilååra går fram av Prop. 149 S (2011–2012), Innst. 50 S (2012–2013) og Innst. 118 S (2014–2015).
- 2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetja nærare reglar for finansieringsordninga.